

## Namn på skulen: Rubbestadnes vidaregåande skule

## Tal elevar skuleåret 2016/17:

**1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring****Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

**1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag**

2015/16	92,8
2016/17	90,3

**1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen**

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	5,06	1,27
	2016/17	6,89	0,00
Termin 2/standpunkt	2015/16	5,81	0,00
	2016/17	6,89	0,68
Eksamen	2015/16	4,46	-
	2016/17	2,06	-

**1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17**

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	0
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	0
<b>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</b>	
Me har ingen indikasjon på at fråværgrensa har ført til auka læringsutbytte på vår skule. Når det gjeld fullføring, erfarer me at det lett slår ut negativt i små fag. Fullføringsgraden har gått ned frå 92,8 til 90,2 dette skuleåret. Den nye fråværgrensa har vore medverkande til dette.	
<b>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</b>	
Faglærarane har hatt tett oppfølging på enkeltelevar, for å hindre at dei ikkje kjem i fare for IV. Dette har ført til at me på skulen berre har 0,68% IV.	

**1.4 Gjennomsnittleg fråvær**

2015/16	timar	9,95
	dagar	5,79
2016/17	timar	5,65
	dagar	3,78

**1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10**

2015/16	1,87
2016/17	2,76

**1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»**

**Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?**

På vår skule har me 1 elev med denne koden. Denne eleven slutta grunna sjukdom.

**1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18**

**Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?**

Dette skuleåret har me 6,89% stryk og 0,68% IV. Til eksamen er det 2,06% stryk. Det er i matematikkfaget det er mest stryk. Slik har det også vore dei siste åra. Difor har me brukt ekstra ressursar for å prøve å rette opp i det. Me må no evaluere ressursbruken for å sjå om me kan lukkast betre med fullføringa i dette faget.

**Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?**

Om våren har me faste overføringsmøter med ungdomsskulane for å få informasjon om elevar, som treng ekstra oppfølging. For å gjere ungdomsskuleelevane i kommunen kjende med skulen, får dei i 9. og 10. klasse høve til å hospitere ved vår skule to dagar. Me har kultur for å arbeide med relasjonsbygging for at elvane skal bli trygge på skulen og legg også opp til ein del sosiale aktivitetar i starten av skuleåret der elevar og lærarar er i lag. Mange ungdomsskule elevar kjenner elevar på vår skule og er trygge i møte med skulen. Ein kombinasjon av plassering, tradisjon, kvalitet og samarbeid med lokalt næringsliv gjer også at vår skule er eit naturleg val for dei fleste elevane.

**Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Me har normalt få elevar som sluttar på skulen. Det nye fråværsreglementet gjer det vanskelegare med å tilpasse for å hindre at enkelte elevar droppar ut av skulen.

**Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

Me må bli enno betre til å arbeide med relasjonsbygging, klasseleiing og lærarsamarbeid.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak – Klasseleiing

#### ***Kva var målet med tiltaket?***

Betre læringsmiljø og felles tolking av reglement og styringsdokument.

#### ***Gi ein kort omtale av tiltaket.***

Me har arbeida for å lage klassereglar i lag med elevane og bruke desse. Lik handsaming og tolking av vurderingskriterier er også noko me har arbeida med. Både avdelingsvis og i faggrupper.

#### ***Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?***

Auka fullføring, redusere fråvær, auka trivsel og eliminere mobbing, er hovudgrunnane til dette utviklingstiltaket.

#### ***Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?***

Avdelingsleiarar har samarbeida med lærarane og støtta dei i arbeidet med å lage klasseregler og ta dei i bruk. Elevane har også vore med utforming av klassereglar.

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har faste møter med lærarane der klasseleiing er tema. Det er også følgd opp gjennom undervisningsevaluering, Elevundersøkinga, elevresultat, internrevisjon, aviksmeldingar, skulemiljøutval, AMU og eksternevisjon av DNV.

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Me opplever auka trivsel både for lærarar og elevar. Elevane har tryggare rammer rundt undervisninga og opplever at klassemiljøet er blitt betre. Lærarane har blitt motiverte til å fortsetje utviklingsarbeidet og elevane er blitt motiverte til å ha meir fokus læring og ser viktigheten av eit godt klassemiljø. Dette kjem også fram i skulemiljøutvalet, AMU utvalet og frå dei tillitsvalde ved skulen.

#### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Måla me har sett oss er: Auka fullføring, betre læringsmiljø, redusere fråvær og eliminere mobbing. Når det gjeld fullføring, har me som mål at alle fullfører. Dei som ikkje har fullført i år, har slutta grunna medisinske årsaker eller krav i den nye fråværs grensa. Dette er grunnar me ikkje rår over.

**2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

På tross av ei positiv utvikling, har me framleis ein del utfordringar. Det går på samarbeid på tvers av avdelingane (tverrfagleg), meir bruk av klasselærarråd, pedagogisk utviklingsarbeid (fagdidaktikk), dokumentasjon av vurdering, fráværingsføring og oppfølging av elevar som kan stå i fare for å droppe ut.

**2.2 Utviklingstiltak – Lærarsamarbeid*****Kva var målet med tiltaket?***

Auke lærarsamarbeidet, betre organisering av pedagogisk utviklingsarbeid og felles tolking av reglement og styringsdokument.

***Gi ein kort omtale av tiltaket.***

Vidareføra formålstenelege individuelle arbeidsplanar for lærarane, kollegabasert vegleiing, fleire avdelings og fellesmøter, etablere faste faggruppemøter og betre samspelet mellom kontaktlærarar, elevinspektør og leiing.

***Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?***

Me ser potensiale i at auka lærarsamarbeid kan føre til betre ressursbruk, auka trivsel, yrkesretting av teorifag og styrke pedagogisk utviklingsarbeid. Dette er også ein del av skulen sitt KS-arbeid, som blir revidert av DNV og Sjøfartsdirektoratet.

***Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?***

Etablere fast tid til samarbeid og møter, både avdelingsvis og i faggrupper. Ein del av sakene er faste og det blir levert referat til leiinga.

**2.2.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?**

Leiinga har faste møter med lærarane der lærarsamarbeid er tema. Det er også følgt opp gjennom undervisningsevaluering, internrevisjon, aviksmeldingar og eksternevisjon av DNV.

Leiinga får referat frå teammøta og avdelingsleiarane er bevisste på å vera meir rundt i klassane og å vera tilgjengelege for lærarane.

**2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Me ser at ved tettare lærarsamarbeid, har me fått utnytta undervisningsrom og materiell på ein betre måte. Dette har ført til auka trivsel både for lærarar og elevar.

**2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?**

Me har framleis mykje å gå på når det gjeld samarbeid på tvers av fag, men i faggruppene begynner faste møter med referat og samarbeidstid å bli ein naturleg del av arbeidsdagen.

**2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

Leiinga føler at organisering og oppfølging har gått bra. Møter er blitt haldne, referat levert og saker som har vore drøfta er følgde opp av lærarane. Spesielt har ein fått meir struktur på samarbeidet mellom TIP lærarane og mellom lærarane på maritime fag. I desse faggruppene kan ein sjå merkbar forskjell på arbeidsmåtar og rutinar. Dette gjeld også oppfølging og kvalitetssikring av undervisning om bord på opplæringsbåten Klas.

Når det gjeld fellesfaglærarane, har ein ikkje greidd å følgje dei opp godt nok og organisere samarbeidstid mellom dei. Dette er noko me må ha fokus på neste skuleår.

Det må nemnast at me dette skuleåret har hatt fleire lærarar som har vore langtidssjukemelde. Dette har ført til ekstra belastning for avdelingane og ført til fleire endringar gjennom skuleåret i fag og timefordeling for dei andre lærarane ved skulen.

At skuleeigar har gjort vedtak om at skulen skal bli lagd ned, har også vore ei stor belastning for både leiinga, undervisningspersonale ved skulen. Denne saka har tappa oss for mykje energi me kunne brukt på utviklingsarbeid.

**3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet****3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Gjennom avdelingsmøter, AMU, fagmøter og tett kontakt med kontaktlærarar og faglærarar.

**3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Avdelingane har laga plan for fast møtetid for faggrupper og har stilt krav til gjennomføring og referat.

**3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Det har vore fellesmøter der personalet har blitt informert om prosessane rundt utviklingsarbeida. Avdelingsvis har lærarane vore med på lage planar for desse arbeida.

**3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Gjennom elevråd, skulemiljøutval, tillitsvalde, verneombod og i skulebesøk frå Opplæringsavdelinga. Leiinga har også involvert grupper av elevar til å delta på møter der utviklingsarbeid blir drøfta, for å kunne sjå saker frå eleven sitt synspunkt.

### 3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Den største utfordringa for å lukkast med utviklingsarbeidet har vore vedtaket om å legge ned skulen. Ei anna utfordring har vore at me har hatt fleire langtidssjukemelde, som har ført til ekstra belastning for både avdelingsleiarar og lærarar og difor gått ut over tid som kunne vore brukt til utviklingsarbeid.

### 3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

I styringsdokumentet er det nemnt faktorar som:

- skulekultur
- relasjonsbasert klasseleiing
- elev-elev-relasjonar
- foreldresamarbeid

Dette er faktorar som står sentralt for alle tilsette i det daglege arbeidet ved skulen. Me føler at me har lukkast på desse områda. Dette kom også fram i Elevundersøkelsen i vinter og i skulebesøket frå opplæringsavdelinga i vår.

Me har også hatt besøk av ein student ved Universitetet Nord, som skreiv fagoppgåve om relasjonskompetanse. Fleire lærarar ved skulen vart observert og det vart laga ein rapport på dette. Stikkord frå rapporten kan nemnast:

**gjensidig respekt, avslappa og trygg stemning, inkludering, takksemd, føreseieleg skuledag, respekt, kontroll, innleving og framsynt medansvar.**

Sitat frå rapporten:

*Ut frå observasjonen i klasserommet er det like mykje å lesa ut frå dei kategoriane som fekk null eller svært få treff. Til dømes er det fråvær av negative kommentarar, negativ ironi, streng irettesetjing, kommandering, høglydt prat, avvising. Dette vitnar om høvisk framferd frå læraren si side, og vert slik eg ser det, gjeldande for heile kulturen ved skulen. Ut frå observasjonane mine, vil eg seia at Rubbestadnes vidaregåande skule har ein underliggjande kultur som er tufta på respekt.*

Når det gjeld leiargruppa ved skulen, er det i punkt 7 og 8 i styringsdokumentet ein har mest å gå på. I punkt 7. går det på å utarbeide utviklingsmål og -tiltak som er tilpassa lokal kontekst og rammevilkår, og i punkt 8. er det å mobilisere dei ressursane som trengs for å gjennomføre utviklingstiltak og sjå til at gjennomføringa av tiltaka blir følgt opp og vurdert. Det går på: kompetanse, tid, organisering, struktur og økonomiske midlar.

Me ser også at utviklingsplanen dette skuleåret har vore for omfattande og hatt for mange mål. Me må også bli flinkare til å lage delmål og evaluere undervegs.

## 4 Ope felt – valfritt.

I KS- systemet til skulen, som er godkjend av Sjøfartsdirektoratet og revidert av DNV, har me laga eit eige kvalitetsmål for skulen.

Der står det:

*Kvalitetsmål for skulen er å vera lik- eller betre enn gjennomsnittet av dei vidaregåande skulane i HFK med best fysisk læringsmiljø og fagleg oppfølging. Resultatmål blir henta frå elevundersøkinga til Utdanningsdirektoratet, som blir offentleggjort i skoleporten.udir.no*

Undersøkelsen syner at me ligg over eller likt på alle indikatorar bortsett frå fagleg utfordring og støtte frå heimen. Dette gjeld dersom me samanliknar oss med alle skulane i HFK. (både yrkesfag og studiespesialiserande). Dersom me tar utval i skular med yrkesfag, har me ingen indikatorar under snittet i HFK.

#### Skoleporten - Elevundersøkelsen

Enhet: Rubbestadnes vidaregåande skule

Rubbestadnes vidaregåande skule, Videregående skole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Vg1, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram

Indikator og nøkkeltall	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	HFK-alle 16-17
Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,5	3,6	4,0	3,5
Trivsel	4,3	4,3	4,3	4,3	4,3
Utdanning og yrkesveiledning	3,5	3,7	3,3	3,9	3,3
Mestring	3,9	4,1	4,0	4,1	3,9
Felles regler	3,8	3,9	4,0	4,2	3,9
Faglig utfordring	4,1	4,3	4,1	4,1	4,3
Mobbet av andre elever på skolen	1,1	1,2	1,1	1,1	1,2
Vurdering for læring	3,5	3,6	3,5	3,8	3,3
Motivasjon	3,8	4,1	3,7	3,9	3,7
Støtte fra lærerne	4,1	4,2	4,1	4,5	4,1
Støtte hjemmefra	3,6	3,9	3,9	3,8	3,9
Læringskultur	3,5	3,9	3,8	4,0	3,9

Fagleg utfordring og læringskultur var prioriterte område H16, og V17 har det vore fagleg utfordring og støtte frå heimen som har vore prioritert.